



## Årsplan 2021-2022

Her finn du ei plan over korleis vi i vår barnehage omset formål og innhald frå rammeplanen inn i vår kvardag, og kva vi dagleg gjer for å arbeide etter vår visjon:

**Trygt å vere – kjekt å lære**

**Tjemslandshagen barnehage**



## Innhald

1. Innleiing
2. Formål og innhald
3. Lokale tilpassingar til pedagogisk praksis
4. Arbeid med omsorg
5. Arbeid med leik
6. Arbeid med danning
7. Arbeid med læring
8. Progresjon i arbeidet
9. Medverking i planleggingsarbeidet
10. Samarbeid internt og eksternt
11. Vurdering av pedagogisk arbeid
12. Tilvenning
13. Samarbeid og samanheng med skulen
14. Trafikk
15. Viktige datoer

# Årsplan 2021-2022

## Tjemslandshagen barnehage

### 1. Innleiing

Barnehagen opna i 2003 og er sidan då dreven av Tjemslandshagen Barnehage Samvirkeleg, der eigarane er foreldra i barnehagen. Foreldra vel driftstyre som møtes jamleg med styrar og representant frå dei tilsette. Barnehagen har ca. 50 barn fordelt på 3 aldersinndelte avdelingar.

### 2. Formål og innhald

Vår visjon *trygt å vere - kjekt å lære* er noko vi dagleg strekker oss etter, både fysisk og mentalt. Arbeidet vert styrt av barnehagelova, og ei rekke andre lover og føreskrifter. Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver (forskrift fra 2017) ligg til grunn når vi fyller innhald i vårt pedagogiske arbeid. Målet vårt er å leggje godt til rette for ein god barndom prega av trygg, kjekk og lærerik utvikling for alle.

### 3. Lokale tilpassingar til pedagogisk praksis

Barnehagen er plassert i boligfelt nær skule, butikk, jernbane, gardsbruk og landbruksrelatert industri. Den er ein viktig del av mange barns oppvekst, og vi ønsker at dette skal påverke vårt innhald og fokus. Vi arbeider ut frå vår pedagogisk plan som er ein langsiktig prosessplan for vårt pedagogiske arbeid. Dette året har vi tema barns psykiske helse i uterommet (sjå pedagogisk plan for meir informasjon).

### 4. Arbeid med omsorg

Personalet skal handle omsorgsfullt overfor alle i barnehagen, ved sjølv å vere gode modellar. Vi ønsker å møte foreldre og barn med ein god velkomst når dei kjem om morgonen, men og gjennom dagen. Vi skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barnet til mottakar av omsorg, men som og verdset barnet sine eigne omsorgshandlingar. Då må vi vise at vi alle gjer og tek imot empati og nestekjærleik, og har eit godt samarbeid i alle ledd. God omsorg vil gjere seg synleg ved oppmerksame vaksne, som arbeider for gode relasjonar og syner handlekraft om vi ser at barn er i fare for å falle utanfor fellesskapet.

### 5. Arbeid med leik

Leik er kjelde til glede, fellesskap, læring og vidare inspirasjon. Den er ein viktig arena for å arbeide med det barna opplever og erfarer. Leiken skal vere på barna sine premisser. Det er difor viktig at personalet har god kompetanse om leik, og er klar over sin eigen relasjon til det enkelte barn, og arbeider for at denne skal vere god. Arbeid med konflikthandtering, og det å utruste og støtte barna til å både hevde seg sjølv og vise omsyn for andre barn er og svært viktig. Personalet har særleg ansvar for å legge til rette for god leik og eit inkluderande fellesskap, observere samspel, støtte, inspirere og vegleie barna til å delta i leik og utvide leiken sin. Vi arbeider for å tilby eit variert og godt leikemiljø både inne og ute, og utfordrar barna til leik både sjølvstendig og i lag med andre.



## 6. Arbeid med danning

Vi må alle øve oss i å ta omsyn til andre, og erfare at vi vert tekne omsyn til, for å delta og bidra aktivt inn i eit demokratisk fellesskapet. Personalet har ei lyttande og bekreftande haldning i møte med barnas undring, nysgjerrighet, ytringar og ønske, som gjer at barna opplever at deira meining blir lagt merke til og tatt omsyn til kvardagen. Vi arbeider for å utfordre barn til å tenke sjølv og delta i utforskande samtalar. Vi arbeider også med å synleggjer mangfaldet og ulikskapar for utforsking og refleksjon.

## 7. Arbeid med læring

Vi må støtte barnets lyst til å leike, utforske, lære og meistre, og gradvis innta nye arenaer. Personalet må ta utgangspunkt i barnet si interesse og fokus, og la deira undring og nysgjerrigheit vere grunnlag for eiga læring. Gjennom å bruke heile kroppen og alle sansar møtar dei nye innspel, som kan føre til undring og inspirasjon til vidare leik og fordjuping. I løpet av året arbeider vi med prosjekt der barna er prosjektleiarar.

## 8. Progresjon i arbeidet

Avdelingane våre er aldersinndelte slik at vi kan leggje til rette for aktiviteter som møter barna sine behov og utvikling på ein god måte. I det pedagogiske arbeidet arbeider vi prosjektbasert der vi lar barna vere med å påverke innhaldet i prosjekta. Dette gjer vi på bakgrunn av barns alder og modenheit. Vi har utvikla ein pedaogisk plan der det står meir om korleis vi legg opp det pedagogiske arbeidet. Satsningsområdet for 2021-2022 er:

### Barns psykiske helse i uterommet

Prosessmål:

1. Lage eit godt fysisk miljø ute
2. Bruke meir tur og natur i det pedagogiske arbeidet.

Prosessmål frå kvalitetsplan frå barnehager – Hå kommune

- Kompetanse på kva som kjenneteiknar eit positivt klima
- Kompetanse på kva barn lærer gjennom ulike typer leik
- Kompetanse på å førebygge og beskytte barn i ulike risikogrupper

## 9. Medverking i planleggingsarbeidet

Det er viktig for oss å ha ei lyttande og observerande innstilling i møte med både barn og foreldre sine tilbakemeldingar. Den daglege dialogen, observasjonar og innspel gjer difor eit svært viktig innspel til korleis barnet har det i kvardagen, kva interesser og behov barnet har, og kva vi skal ta omsyn til, i våre planer. Vi arbeider alltid for å ha barnets beste som drivkraft i det vi gjer. Vi vektlegg innspel frå foreldresamtalane, gjer rom for samtaler ved behov. Foreldra vert årleg gitt rom for medverking også gjennom brukerundersøking, deltaking/samarbeid med Samarbeidsutvalet og Styret, der vi drøfter våre styringsdokument før dei vert vedtekne.

## 10. Samarbeid internt og eksternt

Vi arbeider for å ha godt kvalifiserte fagfolk, slik at det pedagogiske arbeidet held god kvalitet. Kvar veke vert det gitt rom for å arbeida både individuelt og drøfta arbeidet i fellesskap. Vi har samarbeidsmøter der vi vurderer arbeidet på tvers av avdelingane, og regelmessig med andre faginstansar, som Helsesøster, kontaktperson fra PPT, Barnevernstjenesta, skulen, og andre det måtte vera grunnlag for å ha ein god dialog med.

## 11. Vurdering av pedagogisk arbeid

Vi nyttar evalueringsskrysset for å vurdere våre arbeidsmetodar og nyttar erfaringar frå tidlegare år for å gjere best mogleg planlegging for arbeid som ligg føre. Personalet evaluerer individuelt og på systemnivå gjennom løpande samarbeid i det daglege, i gruppemøte, medarbeidersamtale og medarbeiderundersøking. Dette gjev oss nyttige innspel til det pedagogiske arbeidet, og er vidare med på å styre retning når vi planlegg kurs og kompetanseheving i personalet. Dokumentasjon på det pedagogiske arbeidet er årsmelding, månadsplaner, infoskriv, referat frå møte og foreldresamtaler og dokumentasjon som elles er synleg i avdelinga og på eBarnehage.

## 12. Tilvenning

Både når barna er heilt nye i barnehagen og når det er skifte frå år til år, vert det ei stor endring for barnet. Vi ønsker å førebu barnet tidleg på dei endringane som kjem, og gje dei ei gradvis overgang og tilpassing. Nye barn som skal starta i barnehagen vert tilbudd besøksdagar og tilvenningsdagar saman med foreldra. Dette får foreldra god informasjon om i *Oppstart i barnehagen*, slik at dei i størst mogleg grad kan førebu seg på ny kvardag for seg og barnet sitt. Skiftleg informasjon gjennom brev og nettside, saman med foreldremøte og foreldresamtale vert tilbudd ved ordinært opptak. Vi oppmoder også foreldre å stille spørsmål når dei har noko dei lurar på. Elles legg vi vekt på at foreldre og barn skal få individuelt tilpassa lengde på tilvenninga og at det er normalt med variasjon.

## 13. Samarbeid og samanheng med skulen

Frå tidleg start til siste dag, er arbeid i barnehagen ein del av den livslange læringa, og slik og ei førebuing til skulelivet. Det inneheld arbeid for å gjere barna sjølvstendige, ulike kvardagsaktiviteter og å møte/støtte deira undring og interesse for temaarbeid. Vi besøker skulen jamleg og nyttar både bibliotek, gymsal og uteområdet slik at barna vert kjent med lokala. Vi har fokus på dette gjennom heile barnehagetida, men aukar dette i «skuleklubb» samlingar siste året før skulestart. *Siste året i barnehagen* beskriv meir av forventningane og tiltaka siste året før skulestart.

Vi har gjennom året fleire samarbeidstreffpunkt med skulen. Vi planlegg på tidleg tidspunkt start av skuleklubb, overgangssamtaler med utgangspunkt i å formidle noko om kor robuste barna er saman med foreldre, barnehagelærer og barneskulelærer. Vi kallar inn til foreldresamtaler der det er særlege individuelle behov for dette. Meir om dette finn du i planen *Frå barnehagebarn til skuleelev* på nettsida til Hå kommune.

## 14. Trafikk

Barna som veks opp i kommunen vår, skal få god opplæring i trafiksikkerheit og etterkvart lære seg å verte gode og synlege trafikantar. For å få dette til må arbeidet starta tidleg, og vi må alle vere gode førebilete når vi ferdast i trafikken, går og sykler langs vegen, bruker bilstol og bilbelte kvar gong i bilen og lærer oss trafikkreglane. Til dette arbeidet er Tarkus ein god hjelper. Vi nyttar spaserturer i nærmiljøet, arbeider med sykkelopplæring for dei eldste, og gjer oss erfaring med tog og buss for turar til nærliggande plasser.

## 15. Viktige datoer

### Planleggingsdagar

- Fredag 12.11.2021
- Mandag 03.1.2022
- Tysdag 19.4.2022, tredje påskedag
- Fredag 27.5.2022, dagen etter Kristi himmelfartsdag
- Fredag 12.8.2022

sommerstengt  
veke 29 og 30